



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Eva Kristin Svidal, Kulturavdelinga  
Sak nr.: 15/9465-3

### Fylkeskulturprisen 2015 - oppnemning av innstillingsnemnd

#### Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for næring og kultur vel desse medlemmane til innstillingsnemnda for fylkeskulturprisen:

.....  
.....  
.....

Vara:.....

2. Nemnda er valt for 2015 og 2016.

3. Nemnda legg fram grunngjevne forslag til hovudutvalet sitt møte i november 2015 og 2016.

#### Vedlegg:

Retningslinjer for tildeling av fylkeskulturpris for Sogn og Fjordane

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

I retningslinjene for tildeling av fylkeskulturpris for Sogn og Fjordane vedtatt i hovudutval for kultur, sak 55/13, står det at ei innstillingsnemnd utpeika av hovudutval for kultur vurderer og innstiller kandidat(ar) til fylkeskulturprisen.

### **2. Om fylkeskulturprisen/retningslinjer**

Fylkeskulturprisen har vore delt ut kvart år sidan 1980. Føremålet med prisen er å hjelpe fram kulturarbeidet i fylket. Kulturprisen kan gjevast til personar, lag og organisasjonar:

- Som høyrer heime i fylket
- Som viser evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege
- Som har talent, viser kreativitet og evne til nyskaping.

Ein skal særleg vere oppteken av at prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeidet med å halde ved like og vidareutvikle det kulturelle mangfaldet i fylket.

Gjennom åra har 30 enkeltpersonar fått prisen. 14 av dei har fått prisen aleine, medan dei andre har delt prisen med ein annan person. I 2004 delte tre personar prisen. I tillegg er det 14 lag/organisasjonar som har fått prisen, alt frå kor/grupper til spel, utstillingar, festivalar og organisasjonar.

Fylkeskulturprisen 2015 er på 50 000 kr og eit diplom.

### **3. Søknad/handsaming**

Prisen er annonsert i aviser i fylket, på [www.sfi.no](http://www.sfi.no) og sosiale mediar med 1. november som frist for å sende inn forslag.

Ei innstillingsnemnd oppnemnd av hovudutval for næring og kultur skal gå gjennom dei innkomne framlegga og vurdere dei. Nemnda kan også ta inn andre kandidatar til vurdering, t.d. kandidatar som har vore føreslått tidlegare, og kandidatar som nemnda sjølv ønskjer å fremje. Fylkesdirektøren er sekretær for gruppa, og har tale- og forslagsrett i gruppa sitt arbeid.

Innstillingsnemnda sitt framlegg skal leggast fram for hovudutvalet til avgjerd i novembermøtet. Utdeling av kulturprisen skjer som vanleg i samband med fylkestinget i desember.

Ordninga med innstillingsnemnd vart vedtatt i samband med revisjon av retningslinene for kulturprisen i HK-sak 55/13. I 2013 og 2014 har innstillingsnemnda vore sett saman av 3 utvalsmedlemmar med ein vara. Fylkesdirektøren rår til at også innstillingsnemnda for 2015 og 2016 får utspring i hovudutvalet, og at 2-3 av utvalmedlemmane utgjer gruppa.

Fylkesdirektøren ser føre seg at hovudutvalet innan 01.07.2017 evaluerer om dette er den mest tenlege måten å førebu denne saka på.

### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren rår til at hovudutval for næring og kultur nemner opp ei innstillingsnemnd som legg fram grunngjevne forslag til kandidatar til fylkeskulturprisen 2015 og 2016.